

Radøy kommune gjev følgjande uttale til planforslaget til Regional Transportplan Hordaland 2018 – 2029:

Radøy kommune oppfattar Regional transportplan for Bergensområdet 2018 – 2029 som eit godt plandokument når det gjeld tilstanden på fylkesvegnettet og strategiar for å oppgradera / trygga trafikksituasjonen.

Radøy kommune vil framheva behovet for auka innsats for å ta igjen etterslepet på oppgradering av fylkesvegnettet.

Prioriteringar i gjennomføringsprogrammet for strekningsvise utbetringar, investeringsprogrammet for fylkesvegar og trafikkplan for båttilbodet blir viktige politiske saker som det er naturleg at kommunen blir trekt inn i.

Handlingprogrammet må oppdaterast slik at kommunane blir tekne inn som samarbeidspartar i tiltak 7.4 (båttilbod) og 7.5 (innfartsparkering). Dette gjeld også tiltak 5.6 (fylkesvegnettet og reiseliv) i den grad det er aktuelt for kommunane å vera med på finansiering.

For å nå måla om redusert biltrafikk utanfor Bergen må kollektivtransporten byggast ut.

RTP må i samarbeid med Staten påta seg ansvar for å framskunda utviklinga av ein framtidssretta kollektivtransport på fjordsystemet i bergensområdet.

Det må bli generelt meir fokus på utbygging av gang- og sykkelveg som tiltak for å redusera biltrafikken.

RTP må ha større tyngde som innspelsdokument til Nasjonal transportplan når det gjeld ny E39 gjennom nordre Åsane.

Sambandet Vest vert ein viktig omkjøringsveg og eit viktig trafikksikringsprosjekt. Vegen representerer eit alternativ til Hagelsundsbrua, og vert ein del av eit framtidig ringvegprosjekt i Nordhordland. Det er ønskjeleg at Sambandet Vest vert tatt med i RTP Hordaland 2018 – 2029.